
2021/45199-1
Saksnr: Marianne Ose Askvik,
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland og
Åge Avedal

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		06.10.2021

Disponering av mindreutgift 2020. Ekstraordinære midlar til kulturaktivitet som er råka av pandemien og til kulturarenaer. Utlysing av midlar 2021.

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune lyser ut ekstra midlar i tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar, med søknadsfrist 10. oktober 2021. Gjeldande retningslinjer for tilskotsordninga blir nytta. Det blir sett av 15 millionar kr til fordeling i hovudutval for kultur, idrett og integrering, i tråd med fylkestinget sitt vedtak om disponering av mindreutgift 2020.
2. Vestland fylkeskommune lyser ut 9,3 millionar kr i tilskotsordning for ekstraordinære midlar til kultur- og idrettsaktivitet som er råka av pandemien med søknadsfrist 10. oktober 2021. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjene for ordninga.
3. Vestland fylkeskommune set av 700 000 kr til styrking av kunstnarstipenda 2021.

Samandrag

Fylkestinget gjorde vedtak om disponering av mindreutgift 2020 i møte 16.-17. juni 2021, sak 30/2021. Jf dette vedtaket skal 15 millionar prioriterast til kulturbygg og 10 millionar skal fordelast etter søknader innan kultur, idrett og inkludering. Fylkestinget gav hovudutval for kultur, idrett og integrering fullmakt til å fordele midlane.

I denne saka gjer fylkeskommunedirektøren framlegg om vedtak av føringar for utlysing av midlane som er til fordeling.

Det blir her tilrådd at 15 millionar kr blir nytta som ekstra midlar i ordninga tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar. Det blir vidare tilrådd at 700 000 kr blir nytta for å styrke kunstnarstipend-ordninga og at 9,3 millionar kr blir lyst ut som ekstraordinære midlar til kultur- og idrettsaktivitet som er råka av pandemien, for å hindre fråfall og stimulere til gjenopptaking av aktivitet.

Fylkeskommunedirektøren har søkt å sjå på erfaringar og tilbakemeldingar frå feltet om situasjonen kring pandemien. Han tilrår difor ei ganske open tilskotsordning og i tillegg ei ekstra

avsetting til kunstnarstipend for å kunne nå også det frie feltet og kunstnarane som er vurdert til å verte råka særleg hardt.

2 vedlegg

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør

Ronny B. Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget gjorde vedtak om disponering av mindreutgift 2020 i møte 16.-17. juni 2021, sak 30/2021. I det følgjande er utdrag frå vedtaket, som er relevant for denne saka:

Vedtak

1. Årsrekneskapan for Vestland fylkeskommune 2020 vert godkjend.
2. Fylkestinget godkjenner følgjande disponering av mindreutgift 2020 på 215,8 mill. kr:

Koronatiltak

Strakstiltak opplæring 32 900 000
Fleksible kontorløyisingar/heimekontor 10 000 000
Tiltak - kultur, idrett og inkludering
(midlane skal prioriterast til kulturbygg) 15 000 000
Tiltak - innovasjon og næring 10 000 000

Andre tiltak

Avdrag 25 000 000
Vitensentra 11 050 000
Havbyen Bergen 350 000
Vestland i historia og skulen - forprosjekt 300 000
Tannhelsetenesta - tiltak kompetanseutvikling 2 000 000
Kollektivterminal - Odda 7 500 000
Stillingar for trainees 1 500 000
Breibandsutbygging 10 000 000
Søknader - kultur idrett og inkludering 10 000 000
Søknader - innovasjon og næring 10 000 000

Fylkeskommunedirektøren tilrår at midlane fylkestinget har sett av blir fordelt gjennom to tilskotsordningar, med søknadsfrist 10. oktober 2021 og med vedtak om fordeling av midlane i møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering 17. november 2021. Dei to tilskotsordningane som blir lyst ut er:

- Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar (15 mill. kr)
- Ekstraordinære midlar til kulturaktivitet som er råka av pandemien (9,3 mill. kr)

I tillegg vert det tilrådd å styrke den allereie utlyste ordninga for kunstnarstipend med 700 000 kr.

Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar

Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar vart lyst ut første gong med søknadsfrist i oktober 2020 og på nytt med søknadsfrist i april 2021. Fylkesutvalet vedtok retningslinjer for ordninga i møte 17. september 2020, sak 149/2020. Fylkeskommunedirektøren tilrår at det blir lyst ut ei ekstra søknadsrunde i ordninga, med frist 10. oktober 2021.

Fylkeskommunedirektøren tilrår at gjeldande retningslinjer for ordninga blir nytta ved tildeling av midlane. I så tilfelle vil det bli gjort nokre unntak frå retningslinjene:

- Søknadsfrist, som er sett til 30. april i retningslinjene, blir endra til 10. oktober 2021.
- Fordelinga vil bli gjort etter vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering, og ikkje av fylkestinget i samband med budsjettvedtak, slik det står i retningslinjene.

Ordninga vart første gong lyst ut med søknadsfrist 20. oktober 2020. Det kom då inn åtte søknader, med total søknadssum på om lag 56 mill. kr. Søknadene vart tatt med i budsjett 2021. Fylkestinget løyvde ikkje midlar til nokre av tiltaka i budsjettet 2021. Tilskotsordninga vart på ny lyst ut i 2021, med søknadsfrist 30. april. Det kom inn 16 søknader, med søknadssum på om lag 94,6 mill. kr. Søknadene som kom inn våren 2021 er behandla i ei eiga sak om prioritering mellom søknaden på møtet i hovudutvalet 8. september.

For å gjere søknadsprosessen enklare tilrår fylkeskommunedirektøren at det blir gitt høve til å markere i søknadsskjemaet om søkjar ønskjer å nytte same søknad som våren 2021. I så tilfelle vil det berre vere nye søkjarar til ordninga som må fylle ut fullstendig søknad.

I føremålet for ordninga står følgjande, jf. retningslinjene:

Tilskotsordninga skal bidra til utvikling av kulturbygg og kulturarenaer med regionale funksjonar og verdi. Kulturarenaen skal ha verdi, storleik og nedslagsfelt som dekker behov ut over kommunegrensar, eventuelt også ut over fylkesgrensar, der busetnad, kommunikasjon og/eller kulturelt føremål gjer dette naturleg.

Kulturarenaen skal vere planlagd ut frå ei kulturfagleg behovsvurdering og vere i samsvar med kommunale og regionale planar. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering, men ikkje til vedlikehald eller drift.

Retningslinjene med vurderingskriterium, krav til søknad m.m. er lagt ved i saka. Fylkeskommunedirektøren viser elles til saka «Kulturarenaer med regionale funksjonar. Prioritering mellom søknadene» for meir informasjon om tilskotsordninga og presentasjon av søkjarane våren 2021.

Tilskotsordning for ekstraordinære midlar til kultur- og idrettsaktivitet som er råka av pandemien

Bakgrunn

Kulturfeltet er eit av dei samfunns- og næringsområda som har blitt ramma av konsekvensane av pandemien. No når pandemien og restriksjonane har vart i meir enn eit år, ser vi eit noko meir detaljert bilete av situasjonen. Det er framleis usikkert korleis det vil utvikle seg framover, men staten sine planar er at dei fleste innan kulturfeltet skal kunne gjenoppta aktiviteten opp mot det tidlegare normale i løpet av hausten.

Det er ein samansett økonomi i kunst- og kulturfeltet. Frå enkeltkunstnarar som har fleire ulike jobbar - både innan det kunstrelaterte og andre jobbar utanfor dette fagfeltet, for å ha ei leveleg årsløn - til tunge institusjonar med betydeleg statsstøtte, som i varierende grad er avhengig av billettsal og privat finansiering.

Dei fleste restriksjonane er pålagt av staten, og statlege sektorstyremakter har difor teke på seg hovudansvaret for å kompensere for dei tapa dette har ført med seg. Dette har i stor grad fungert, sjølv om det har vore lite føreseieleg og vanskeleg å planlegge for aktørane. Aktørane har vist stort pågangsmot og kreativitet og dei fleste har hatt så stor aktivitet som mogleg innanfor restriksjonane.

Kulturdepartementet har løpande lansert og delt ut midlar frå ulike tilskotsordningar, og gitt Norsk Kulturråd og Lotteri- og stiftelsestilsynet ansvar for forvaltning og søknadsbehandling. I tillegg har kultur- og idrettsverksemdar, organisasjonar og kunstnarar og andre aktørar i feltet fått høve til å nytte ordningar retta inn mot nærings- og arbeidsliv, som til dømes permittering av tilsette.

Vestland fylkeskommune og nokre kommunar i fylket har også iverksett eigne ordningar for å bote på konsekvensane av koronakrisa. Dei ulike tilskotsordningane og tiltakspakkane har fungert på ulikt vis og har blitt justerte etter kvart for å vere tilpassa dei aktuelle behova.

Norsk kulturråd og Norsk filminstitutt jobbar på oppdrag frå Kulturdepartementet med evaluering av kulturlivet gjennom pandemien og plan for gjenopninga. Dei kom med ein delrapport i juni og har varsla sluttrapporten i desember 2021.

Erfaringar frå evalueringsarbeid og tilbakemeldingar så langt

I vår gjennomførte avdeling for kultur, idrett og inkludering meir enn 50 budsjett- og rapporteringsmøte med kultur-, inkluderings- og idrettsverksemdar som får driftstilskot over Vestland fylkeskommune sitt kulturbudsjett. Erfaringane frå møta er at dei aller fleste av desse har klart seg greitt økonomisk gjennom krisa ved hjelp av dei ulike stimulerings- og kompensasjonsordningane i stat, fylkeskommune og i nokon grad kommune. Dette fell også saman med førebelse funn i Kulturrådet sitt evalueringsarbeid.

Innan kunstlivet er det er uttrykt størst bekymring for det frie feltet/kunstnarane og for fråfall i medlemmar/deltakarar i det frivillige feltet.

Det profesjonelle kunstlivet som går føre seg utanfor dei offentlege finansierte institusjonane er prega av frilansarar og kortare kontraktar. Koronakrisa har vist kor sårbar denne økonomien er og set igjen fokus på kunstnarøkonomien.

Innan frivillig sektor er det uttrykt bekymring for fråfall av medlemmer og deltakarar. Vi ser at det kan vere tungt å få gjenopptatt aktiviteten. Fleire må også jobbe med å rekruttere ansvarlege, styremedlemmar o.l. på nytt. Ved inngang til Frivilligheita sitt år i 2022, er det viktig å kunne gje ekstra støtte til ein «kickstart»/ekstra trykk på aktiviteten.

Dei aller fleste kultur- og idrettsverksemdar har berga seg gjennom koronakrisa ved hjelp av ulike tilskot/kompensasjonar. Vi vil likevel vere open for at det er enkelt som fell utanfor desse, og som difor er i store økonomiske vanskar. Dette må då ev. grunnleggjast i søknaden.

Ein av strategiane er at Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadene, både på kort og lang sikt. Fylkeskommunedirektøren ser det difor viktig å signalisere nokre prioriteringar ut frå erfaringar og tilbakemeldingar og samtidig ha opning for at enkelte institusjonar og organisasjonar er komen i ein ekstraordinær situasjon grunna covid19-krisa.

Som regional utviklar er det viktig å halde på prinsippet om å støtte tiltak og verksemdar som har ei regional rolle/funksjon. Det er likevel viktig å sjå kulturlivet sitt økosystem med mange ulike aktørar som ein heilskap, og det vert difor tilrådd at nettverks-/paraplyorganisasjonar kan vidareformidle midlar til medlemmer/deltakarar, innretta der dei ser behovet er størst for stimulans. T.d. kan nettverk innan det profesjonelle, frie feltet velje å vidareformidle pengar til produksjon.

Ekstra midlar til kunstnarstipend

Pandemien har igjen vist kor sårbar kunstnarøkonomien er og det er stor bekymring for korleis det frie feltet og enkeltkunstnarane skal klare seg og bli i feltet. Difor vert det tilrådd å sette av 700 000 kr til ekstra kunstnarstipend som vert delt ut etter dei allereie vedtekte retningslinene for denne ordninga. <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/kunstnarstipend/>

Det kom inn 150 søknader til ordninga ved fristen 1. juni 2021 og det var i utgangspunktet 17 stipend av 40 000 kroner til fordeling. Det arbeidast no med organisering av fagkomitear for dette, og om fylkeskommunedirektøren si innstilling vert vedteke vil det verte 17 ekstra stipend til fordeling i haust gjennom desse komiteane. Fylkeskommunedirektøren ser dette som eit godt høve til å få midlar ut til kunstnarane i det frie feltet som har store behov - ved hjelp av fagkompetanse i komitear som allereie er i arbeid.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering har fått mynde av fylkestinget til å fordele midlar som er del av mindreforbruk 2020, jf. sak 30/2021.

Vurderingar og verknader

Fylkeskommunedirektøren tilrår at innrettinga av dei ekstraordinære fylkeskommunale koronamidlane må vere open, men med visse avgrensingar. Hovudmålet for ordninga er å stimulere til vidare aktivitet, både innan det profesjonelle og frivillige kunst-, kultur- og idrettsfeltet.

Samtidig må det vere mogleg for einskilde organisasjonar å søkje om krisemidlar. I så tilfelle må den einskilde argumentere for og dokumentere kvifor dei står i ein særskild situasjon som ikkje har kunne løysast av t.d. statlege eller andre tilskots- og kompensasjonsordningar.

Fylkeskommunedirektøren vil, slik som i utlysing og tildeling av ekstraordinære koronamidlar i 2020, tilrå at det også i 2021 vert lagt hovudvekt på regionale aktørar og gje opning for at regionale nettverks- og paraplyorganisasjonar både innan det frivillige kultur- og idrettslivet og kunstfeltet kan søkje midlar frå ordninga som dei vil vidareformidle til mindre aktørar på feltet for å oppretthalde normal aktivitet.

Det blir tilrådd maksimal søknadssum på inntil 200 000 kr for regionale enkeltverksemdar/-organisasjonar og på inntil 1 mill. kr for regionale nettverks- og paraplyorganisasjonar til fordeling vidare.

Det formelle kring innretting og retningslinjer til kulturarenaer og kunstnarstipend er allereie på plass i tidlegare politiske vedtak.

Økonomi: I alt 25 mill. kr er avsett til føremålet i fylkestinget 16.og 17.juni.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Kultur- og idrettsaktivitetar/-tiltak er viktig for folkehelsa jf plan for folkehelse.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Strategi 1.1 i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024: «Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.»

Konklusjon

Fylkestinget gjorde vedtak om disponering av mindreutgift 2020 i møte 16.-17. juni 2021, sak 30/2021. 15 millionar skal prioriterast til kulturbygg og 10 millionar skal fordelast til søknader innan kultur, idrett og inkludering. Hovudutvalet for kultur, idrett og integrering fekk fullmakt til å fordele midlane. Fylkeskommunedirektøren tilrår at 15 millionar kr blir nytta som ekstra midlar i ordninga tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar. Det blir vidare tilrådd at 700 000 kr blir nytta for å styrke kunstnarstipend-ordninga og at 9,3 millionar kr blir lyst ut som ekstraordinære midlar til kultur- og idrettsaktivitet som er råka av pandemien.